



## Årsmelding 2021

### For skigruppa Eikefjord Idrettslag

#### Styret har dette året vore samansett slik:

Leiar	Stig Solheim
Kasserar	Dagfrid Humlestøl
Styremedlem	Solveig Svardal
Styremedlem	Anne Margrethe Domben Øren
Styremedlem	Magnus Frøyen
Styremedlem	Vidar Knapstad
Styremedlem	Odd Arne Langedal
Vara medlem	Ronny Sæterlid

Tore Øren, Ruth Storevik Solheim og Henning Titlestad er i valnemnda.

Dette året har det vært 2 styremøter. I tillegg har leiaren deltatt på møter i hovudlaget. Dette året vart prega av Convid-19. Men vi klarte å arrangere renn når vi hadde snø. Vi kjørte løyper til over påske til glede for mange under Convid-19 epidemien. Skifesten klarte vi å avhalde på vanlig vis. Leiaren har også deltatt på 2 kurs i regi av Norges idrettsforbund. Angående organisering av laga.

#### Generelt:

Skisesongen for dei mest aktive, startar ved fyrste snøfall i desember, og varer til over påske (slutten av mars) 3–4 mnd. Relativ kort, men hektisk sesong. Treningssesongen startar for mange på forsommaren, med fast rulleskitrening kvar onsdag ved Storebru.

Vinteren 2020/2021 har vore prega av lite snø. Men med god innsats med løypekøyering og en godt drenert trase så lykkast det å lage skirenn med relativt lite snø. Vi arrangerte 7 skirenn derav to kveldsrenn. På kveldsrennet var det god deltaking så det vil vi fortsette med.

Løypa vart stort sett kjørt opp etter kvart snøfall. Skigruppa har i drift eit nett-kamera, slik at alle kan få en oversikt over løypeforholda til ei kvar tid.

I februar 2021 blei det kjørt løyper i Eikefjord sentrum også.

Skigruppa har pr. 24.01.2022: 120 medlemmer (107 i 2021). Facebook-gruppa til Eikefjord Ski har 500 medlemmer pr. januar 2022.

Kinn kommune/Kulturkontoret har påtatt seg å organisere brøyting av parkeringsplassane. På parkeringsplassen er det plass til ca. 120 bilar.

Løypenettet på Humlestølen er også mykje brukt til trim/rehabilitering for heile Flora samfunnet.

Skigruppa antar at i løpet av ein sesong, har det vore nærare ca. 2000 enkeltpersonar i anlegget, minst ein eller fleire gongar. I skihuset er det toalett, smørebod/varmestove som alle kan bruke.

En del skoleklasser i kommunen har også i år hatt skidagen på Humlestøylen. Viss skuleklassane gir beskjed på forhånd så kjører vi løyper ekstra for att dei skal ha gode forhold når dei kommer.

Trenden for trim/fysisk aktivitet er i tilrettelagte anlegg (slik som på Humlestøylen), i vekst over heile Norge. Spesielt under Convid-19 epidemien har veksten vore stor.

### **Renn:**

Det har i 2021 vore arrangert 7 stk. skirenn, med Florameisterskap.

Skirenn 2021: totalt antall på renn 660 og 211 enkeltpersonar (7 skirenn)

Skirenn 2020: totalt antal på renn 482 og 161 enkeltpersonar. (6 skirenn)

Skirenn 2019: totalt antall på renn 489 og 150 enkeltpersonar. (4 skirenn)

Skirenn 2018: totalt antal på renn: 631 og 186 enkeltpersonar.

### **Sportsleg:**

I år blei alle større skirenn avlyst:

- **Furusjøen Rundt:** Avlyst
- **Tverrfjelldilten:** Avlyst
- **Vasaloppet i Sverige:** Avlyst
- **Birkebeinarrennet Lillehammer:**  
Birkebeinarrennet er det store målet for mange men dessverre så blei det også avlyst i år.

### **Skigruppa dekker startpengane til kretsrenn (dekker ikkje startkontingent til turrenn).**

Alle som prøvde greidde kravet til skimerkekravet i år.

Det skal utdelast fylgjande utmerkingar for skimerkeprøver i 2021

- Statuett i Gull: Vidar Knapstad
- Statuett i Gull: Solveig Endestad Svardal
- Statuett i Gull: Normund Svoen
- Statuett i Sølv: Odd Arne Langedal
- Statuett i Sølv:(2020): Gunnhild Langedal

### **Trening:**

Rulleskitrening sommar / haust ein kveld i veka (onsdagar) med opp til 6 personar.

Skigruppa har også trening for barn og ungdom på Humlestøylen når det er snø.

## **Økonomi:**

Skigruppa har eit overskot på regnskapet på kr. 36222,- i 2021 (-14514,- i 2020)

Skigruppa har tidlegare fått tilskot frå Flora kommune på kr. 15 000,00 til løypekøyning. Dette har frå 2019 ikkje blitt utbetalt på grunn av overgang til Kinn kommune, men vi har lovnad om å få det og avtala skulle reforhandlast etter skisesongen 2021. Det er heller ikkje betalt for leige av traktor i 2019, 2020 og 2021. Her må vi lage ei ny avtale med nye Kinn kommune og Kjell Humlestøl. Kommunen dekker også straumutgiftene til skianlegget og brøytinga av parkeringsplassane.

Skigruppa har som mål og halde kostnadane så låge som mogleg, dette for å stimulere til meir aktivitet.

Skigruppa er avhengig av en økonomisk buffer for å kunne ha midlar til reparasjonar av skianlegg og løypeutstyr.

## **Dugnad:**

Alt vedlikehald av løypenett, lyspunkt, skogrydding, div. rydding, vedlikehald av skihuset, og løypekøyning vert utført på dugnad.

Kjell Humlestøl og Vebjørn Humlestøl har køyrt løype på Humlestøylen i år.

Vebjørn Humlestøl klargjorde traseen med beitepusser før sesongen 2022. Dette har vist seg å være viktig for å kunne lage løyper med lite snø.

Det har vert jobba litt med planer for eventuell utviding av lysløypa samt skifting av stolpene som er i veldig dårleg stand. Dette arbeidet vil fortsette framover i 2022.

Vi pleier å delta på Eikefjorddagane med ansvar for billettsal/parkering.

På skirenna treng vi 10–12 personar til div oppgåver. Alle oppgåver er like viktige.

**Totalt i skigruppa vart det utført ca. 1000 dugnadstimar i 2021.**

**Stor takk til alle som har deltatt på dugnad i 2021.**

**Flott innsats og stor takk til alle.**

Styret for 2020

Leiar  
Stig Solheim

Dagfrid Humlestøl

Solveig Svardal

Odd Arne Langedal

Vidar Knapstad

Anne Margrethe Domben Øren

Magnus Frøyen